

SPRÅKLIG SAMLING

NR. 4

DESEMBER

1963

4. ÅRGANG

LØSSALG 50 ØRE

GITT UT AV LANDSLAGET FOR SPRÅKLIG SAMLING

VALG PÅ LANDSMØTET

Landsmøtet i Språklig Samling valde dette nye styret, og andre ombod fram til neste landsmøte:

Formann: Rakel Sewerin.

Nestformann: Kay-Olav Winther.

Styremedlemmer: Waldemar Brøgger, Leif Egerdal, Svein Hofseth, Ivar Holm, Kåre Holt, Einar Hovdhaugen, John Mathisen, Tomas Refsdal, Brynjulf Sjetne, I Skauge, Brynjulf Tangen, og P. K. Aamo.

Varamenn til styret: Magne Aksnes, Halvor Dalene, Halldor Heldal, Ivar Hundvin, Astrid Kvendbø, Malvin Magnussen, Gunnar Mortensen, Harald Romundset, Hartvig Sætra, Lars Sødal, Einar Tønnesen, Geir Wiggen, Helge Ytrehus og Birger Øverås.

Kasserer: Ivar Hundvin.

Revisorer: Alfred Kvalheim, og Gunnar Næss.

Valgnevnd: Jon Mathisen, formann. Medlemer ellers: Kay-Olav Winther, Waldemar Brøgger og Ivar Hundvin.

Økonominemnd: Halvor Dalene, formann. Medlemer ellers: Leif Egerdal, Magne Schøtt, Lysberg, og sekretær: Guri Espedal.

Redaktør: Knut Kvigne.

Eit språkorgan — vendt utad til folket



Statsråd Sivertsen

— Tida må etter mi meining være inne til å blåse av målstriden, og søke å ta vare på rikdommen i dialektane frå våre bygde- og bysamfunn, seier statsråd Helge Sivertsen.

Han tenker på å sette ned ei nemnd til å revidere «Lov om målbruk i statstena» av 1930, men slik at denne nemnda samstundes tar heile målstoda opp til drøfting.

Statsråden har i tankane eit språkorgan som han vonar alle vil kunne slutte opp om. Eit normerande organ som Norsk Språk-

nemnd vil vi trenge vidare framover. Alle kultursamfunn har det seier han, avdi det må til for odlingen av eit kvart kulturspråk.

Eit slikt organ må og kunne vende seg ut til publikum.

Departementet kjem til å be regjeringa legge heile språkspørsmålet fram for Stortinget i sammenheng med revisjon av mållova.

Det vi har att av målkrig, er til hinder for ei positiv innstilling til måldyrkingsarbeidet, hevdar statsråd Sivertsen. Særleg er det viktig å være klar over dette i den situasjonen vi nå er komne oppe i. Det norske språket står i ein farleg utsett stilling med det sterke presset frå utenlandsk språkstoff.

Vi skal ikkje sky framandord, men vi må heller ikkje legge oss åpne for alt som kjem frå den kanten. Det ville bli det alvorlegaste kulturtap eit folk kunne ha å miste sitt eige språk.

Meir enn noensinne treng vi å samle kreftene om vårt eige språk. Så langt det offentlege skal ha med målarbeidet å gjøre, må ein ha klare lovreglar som Stortinget vedtar. Og vi må ha eit organ som er sentralt og har sakleg tyngde når det gjeld måldyrkingsarbeidet.

Sigmund Skard:

MÅLSTRID OG MASSEKULTUR

Det Norske Samlaget.

Professor Sigmund Skard er ein framstående talsmann for det han sjøl kaller den moderate og ansvarsmedvitne sentrumsgruppa i målstriden. Han er med andre ord samnorskman. Rett nok har han frå sin tidligste ungdom arbeidd ivrig for nynorsk målreising, men alt for lenge sia innsåg han at det romantiske synet mange målfolk hadde på norsk språkutvikling, ikkje kunne føre fram. I dei seinare åra har Skard derfor gått sterkt inn for samarbeidslina i språkpolitikken. Dette kjem tydelig fram i boka «Målstrid og massekultur», som han ga ut nå i haust. Det er et skrift som vi i Språklig Samling har all grunn til å gle oss over og være takksame for. I det store og heile kan vi godt kalle det et stridsinnlegg for vår sak.

På knappe hundre sider setter professor Skard den norske målstriden inn i sitt rette perspektiv. Han begynner med å analysere heile kultursituasjonen vår, sett i relasjon til andre kulturar som vi blir sterkt påverka av, ikkje minst språklig. Det er nødvendig at heile nasjonen samler seg til vern mot denne ytre påverknaden som truer med å viske ut vårt nasjonale særpreg. Særlig språket er i stor fare. Det er vanvittig at vi stadig driver med indre kiv og strid, i staden for å samle kreftene våre til felles forsvar mot faren som truer. Det er bare ein veg ut av uføret, sier Skard, og det er den vegen som fører til et samnorsk riksmål.

Korleis tenker så Skard seg at dette framtidsmålet vil bli? Han uttaler seg nokså klart om det:

«Det kan ingen tvila på at framtidsmålet i landet vårt i stor mon vil bli merkt av bokmålet, særleg når det gjeld ordfanget i teknisk-vitskaplege og kommersielle fag. Noko anna ville også vera historisk utenkjeleg. Den skrivne nynorsken er i samanlikning eit mindretalsmål, og han har etter krigen tildels vore i tilbakegang for di han i mange stykke har tidsstraumen imot seg. På langt sikt, rekna ikkje i ti-år, men i generasjonar, vil nynorsken som våre andre målformer sikkert måtta nøya seg med å bera sin del av vår språklege og litterære arv inn i den framtidige fellesnormalen.

Men det må då bli eit avgjerande faktum for alt vidare ordskifte at vår

mest utbreidde språkform i dag, og den som derfor har dei største pretensjonane, nemleg bokmålet, heller ikkje er ferdig til å vera vårt samlande nasjonale framtidsspråk i si noverande form.»

Ein annen plass skriver han:

«Målet i Norge i framtida kjem sikkert i viktige stykke til å bli eit inkonsekvent blandingsmål som engelsk, endå mykje meir enn tilfellet er i dag.»

Skard åtvarer mot det presset dei særnorske vil bli utsett for i kommande år og kjem med sine boteråder mot det:

«Det press som dei særnorske språkemna er utsette for i dag, er sikkert for lite å rekna mot det uniformerande trykk som vi skal koma til å oppleva i komande år, truleg alt i vår eiga levetid. Det treng ikkje gå lenge før det er spørsmål, ikkje om bokmål eller nynorsk, men om i det heile **noka** form av norsk språk har sjanse til å hevda seg overfor den standardiserte verdssivilisasjon og det internasjonale verdsspråk som veltar inn over oss. Somme bokmålsfolk peikar med rette på at det i denne situasjonen gjer oss veikare at vi har to målformer i staden for ei. Men kløyvinga er no ein gong eit faktum,

og vi må rekna med ho lenge framover. Då må det vera vår viktigaste oppgåve å gi språket vårt så **breitt grunnlag i folket som mogeleg**. Det språklege dyrkingsarbeidet innanfor baa mål kan berre auka vår vernekræft dersom det medvite drar fram og styrkjer slikt som har intimitet og rotfeste. Eit språk utan nasjonalt sevjelaup vil i lengda ha lita livsvon i den strid vi står framfor.»

Det er grunn til uro over den forma målstriden etter kvart har fått:

«Skal ein få dette samlivet (mellom målformene) over på ein betre grunn, er det ikkje i første vending einskilte ombøter som trengst. Det er eit skifte i sjølve **sinnelaget**. Ein må koma bort frå den kampideologi som siste ti-året har gjort språkdebatten vår utålande, og freista finna fram til ei innstilling der det positive kan koma i sentrum, same kva språkform ein sjølv soknar til og strir for. Eit gangleig utgangspunkt er då det faktum som alt har vore nemnt i annan samanheng: at striden på liv og død mellom våre to mål i sin grunn er meningslaus for di dei **så sårt treng kvarandre**.»

Er det dette alvorsordet frå Sigmund Skard som har fått statsråd Sivertsen

til å gjøre ein freistnad på å stanse målstriden?

Skard spår vidare om den fellesnorske språkforma som må komme, med dei fordeler den vil føre med seg for alle nordmenn:

«... Men framtidsnordmannen vil ha bruk for **baa** dei to målformene. Det tyder ikkje at han vil skriva nynorsk om eitt emne, bokmål om eit anna (endå eit slikt vekselbruk nok og kan tenkjast, og faktisk blir praktisert i somme nyare diktsamlingar). Men han vil i sin framtidsnorsk, den **verkeleg** fellesnorske språkforma, kunna spela over eit stort register med ein fridom som no er ukjend. I dette målet vil den særmerkte rikdommen i **baa** mål verkeleg ha funne rom **på like fot**, utan deling i over- og underetasje. Og veikskapane på baa sider vil ha minka bort tilsvarande.»

Dette er ingen vettlaus draum, skriver Skard. Vi skal nå fram til det stadium da både bokmålsfolk og nynorskefolk skal kunne si at dei har vunne målstriden. Det vil kreve både offer og stor samarbeidsvilje. Men vil ein nå målet innen rimelig tid, må ein gå vegen som fører dit:

«Likevel er då det språklege fellesområdet stort, og det aukar. Det er ingen vitlaus draum at ein på den vegen skulle kunna nå fram til ei samling der sentrale verdiar i baa språk kjem med. Ein må ikkje her forstira seg på stilideala i dag, hos seg sjølv og andre. Målkjensla skifter med slektene. Det den eine generasjonen avviser, kjenner den andre som naturleg. Det bygde på stor realitetssans når ein framstående målmann for snart femti år sidan såg fram til ein endskap på målstriden der «både partar skal seia dei har vunne». Eit slikt framtidsmål er så lokkande at det må vera verdt store offer. Og dit fører ingen annan vegen enn Moltke Moes samarbeidstanke. Endå i dag kan programmet hans gjerast gjeldande nær sagt ord for ord. Det må vera oppgåva for ein nasjonal språkpolitikk å «forene dannelsens interesser med de brede folkelags», dels ved å fremja samarbeidet mellom våre to språk så langt dei baa med god vilje er i stand til å gå, dels ved å halda dei verkelege verdiane levande innanfor baa ei ventetida, ut frå ei glede over

Over til side 7

SPRÅKLIG SAMLING

Redaktør: Knut Kvigne, Nedre Kalbakkvei 2 D,
Oslo. Tlf. 25.19.74.

LANDSLAGET FOR SPRÅKLIG SAMLING

Formann: Rakel Sewerin, Stortinget, Oslo, tlf. 41.38.10

Sekretær: Olav Eriksen, Postboks 636. Tlf. 33.10.96

Kasserer: Ivar Hundvin, Postboks 636. Tlf. 41.77.00

SPRÅKLIG TOLERANSE

Tida er ikke inne til språkpurisme. Om vi fortsetter å slå hverandre i hode med former og diftonger, kan vi oppnå å hakke opp det norsk vi har, så utenlandsk påvirkning får lettere spillerom.

Det finns mennesker i dette landet, ikke minst ungdom, som for fullt alvor grunner på om det ikke ville være mest hensiktsmessig å anta verdensspråket engelsk. Den voldsomme utviklingen etter krigen i sambandet med omverdenen fører engelsken til oss gjennom reklame og handelssamkvem, reiseliv og film, fjernsyn og radio, aviser, tidskrift og blad, seriemagasinet for barn, for ikke å snakke om platespillere og popindustri.

Det er åpenbare fordeler for alle å kunne beherske verdensspråket.

Fullt så innlysende er det kanskje ikke at *det* ikke bør beherske oss, men at det derimot vil være et kulturelt mål å nå om alle nordmenn mestret engelsk ved sida av å dyrke og odle sitt eget språk.

Det ligger ikke så klart i dagen for alle hva vi tapte som nasjon om vi forspilte vårt eget kulturgrunnlag, språket.

Mange vil kanskje si at dette kan da slett ikke være situasjonen.

Så farlige er ikke utstiktene.

Vi får håpe det. Men den som f. e. følger litt med i den mest avanserte og ukritiske oppblanding av engelsk i norsk, slik det ytrer seg f. e. i reklamebransjen, og i popindustrien, unngår ikke å se faren i utviklinga. Heller ikke kan han lukke øynene for de stormsteg det nye føres framover med. I de siste tiåra har det kanskje skjedd mer i den lei enn i de femti som gikk foran.

* * *

Det må være en sterk nasjonal og kulturell appell i dette å blåse av den indre målstriden når ytre farer truer norsk. Vi avgjør jo ikke lenger *aleine* farten i språkutviklinga her i landet. Og kan derfor ikke mer ta det med ro som det passer oss best, og holde fram med å hakke på hverandre.

Det som har hendt, steg for steg, i åra etter krigen med språket, maner til å grave ned stridsøkse og samle oss i arbeidet med odling av *ett* norsk språk.

* * *

Av slike grunner må initiativet fra statsråd *Sivertsen* bli helst med håp.

Tanken om et slikt språkkorgan må være en veg ut fra den nega-

tive slagmarka, og til det positive byggverket.

Mye vil bero på hvordan dette organet skal arbeide. Ingen veit heller ennå hva nemnda finner fram til som praktisk mulig. Men i et hvert høve må vel alle kunne samle seg om at organet skal være vendt utad til folket, til presse, radio, skoler og alle institusjoner som hadde noe å spørre og rådføre seg om når det gjaldt bruken av språket. Helst måtte det ha løpende publikasjoner og pressetenest. Framfor alt: Det måtte ha levende samkvem med samfunnslivet, og bygge i sitt ytre arbeid på den sakkunnskap som finns i Norsk Språknemnd.

* * *

Vi begynte med å si at tida ikke er inne til språklig purisme. Tvertom er det språklig *tåleranse* den krever.

Vi veit ikke, noen av oss, hva vi når fram til med *ett* norsk språk ennå. Men vi er alle samde om at det må bli norsk.

Da må vi kunne slutte å plukke og pirke på hverandre, og heller gå ut i fra at vi må berge over til det samla norske målet alle rikdommene det muntlige og skrivne norsk har å gi.

Støtt

Språklig Samling

Annonsér i

Språklig Samling

SIDEMÅLSSTILEN TIL ARTIUM

Av Halvor Dalene

Det er over 50 år sida Christian Michelsens regjering gjorde framlegg om tilleggsstilen til examen artium, og Stortinget vedtok framlegget med stort flertall.

At en norsk akademiker skal kunne bruke begge målformene i skrift, må vel sies å være en naturlig konsekvens av måljamstelinga, som er fastsatt ved lov. Det skulle heller ikke være noe urimelig krav, om en bare legger godviljen til. Men mangler godviljen, blir jo allting vanskelig.

Kampen mot sidemålsstilen er ensidig retta mot nynorsken. Så vidt jeg kjenner til, har aldri noen på nynorsksida klaga over den tilleggsstilen de må skrive på bokmål. Vel kan en si at nynorskelever leser mer bokmål enn bokmåselever nynorsk. Men det er jo ikke nynorskens skyld! Det fins da så mye god litteratur på nynorsk, både skjønnlitteratur og faglitteratur, at en ikke skulle være i beit for litterære forbilder. Radio og fjernsyn kan også være til hjelp. Og praktisk talt *alle* nordmenn har så pass kjennskap til en eller annen norsk dialekt at de skulle ha god hjelp der, om de bare ville vedkjenne seg dette kjennskapet. Men det er altså *det* somme nordmenn ikke vil — det er ikke «fint» å kjenne den dialekten de har talt som barn, og som far og mor i mange tilfelle taler den dag i dag.

MEDLEMMER !

**Glem ikke
postgiroblanketten**

For Riksmålsforbundet og dets sympatisører har «landsmålsstilen» lenge vært en torn i øyet. De har da også i tide og utide prøvd å innprente gymnasiastene hvor forferdelig — og meningsløs — denne «landsmålsstilen» er. Karakteristisk er det at kampen mot sidemålsstilen var ei av de første sakene det nye Gymnasiastsambandet tok opp. Men der møtte aksjonen slik motstand at spørsmålet, såvidt jeg har forstått, blei lagt bort. Isteden er kampen tatt opp i de enkelte gymnassamfunn, ofte med atskillig hell, ser det ut til. Unge mennesker er som kjent lette å påvirke, ikke minst når det gjelder kamp mot «autoritetene» og når, som her, også sosial prestisje kommer inn i bildet.

Enkelte lektorer har nok også sin del av skylda for denne uviljen mot «landsmålsstilen». De har i stor monn behandla nynorsken som et fremmed språk, der elevene måtte pugge «gloser» og grammatiske finesser. Resultatet var at elevene meinte de skreiv bedre «landsmål» jo flere «rare» ord de fikk putta inn, sjøl om disse av og til blei heilt meningslause!

Men rett skal være rett. Her har også nynorsken sjøl en god del av skylda. Overdreven *purisme* har stundom gitt elevene det inntrykk at et ord simpelthen ikke kunne brukes, om det også blei brukt på bokmål. Men her har det skjedd ei stor og gledelig forandring de siste åra. Tar en for seg de siste utgavene av Det norske samlagets ordlister f. eks., vil en finne at mengdevis av ord som før var forbudt, nå er fullt tillatt på nynorsk. Dette har gjort nynorsken smidigere og lettere å lære, noe som igjen har gjort artiumsstilene bedre år for år.

Er det da så forferdelig vanskelig for byungdom å lære nynorsk? Etter mi røynsle absolutt nei. Men det er klart at både lærer og elev må ha ei viss *positiv innstilling* til dette «faget» som til alle andre. Har de det, og elevene bl. a. lærer å lytte til sin egen dialekt — og et dialektgrunnlag har som nevnt praktisk talt alle nordmenn — ja så går det i regelen bra. Iallfall viser artiumsresultatene at elevene jamt over får betydelig *bedre* karakterer for tilleggsstilen enn for hovedstilen (ca. 10 % m for hovedstilen, 15 % for tilleggsstilen). Mang en artianer kan sikkert takke tilleggsstilen for at han kom inn ved ett eller annet «lukket studium»!

Dessuten viser det seg stort sett at de som ikke kan skrive nynorsk, heller ikke kan skrive bokmål. (Og her er det ikke tale om noen slags «diskriminering» på grunn av manglende hunkønnsformer o.l. — sensorene er stort sett ytterst liberale på det punkt — men slike elever kan faktisk ikke skrive en brukbar norsk stil, uansett målform). At enkelte artianere er så hjelpelause, skal heller ikke forundre noen, når en veit at i somme skolekretser er det 70—80 % (eller flere) av ungdommen som skal prøve å ta artium. Et visst minimum av intelligens skal det ennå til for å få studenteksamen i Norge!

Min konklusjon blir altså at kampen mot sidemålsstilen stort sett mangler saklig grunnlag. Dessuten ville det være grov diskriminering av det mindretall i folket som har nynorsk som sitt naturlige mål, om storparten av våre framtidige embets- og tjenestemenn ikke skulle beherske dette målet. (At nynorskstudenter ikke

RIKSMÅLET ANNO 1963

Fjerde utgave av Riksmålsordlista er på markedet. Forfatteren André Bjerke har vært hovedredaktør. Om den revisjonen som er foretatt, sier han sjøl at formålet for arbeidet har vært «en ny normering av riksmålet Hensikten har vært å stabilisere det, for dermed å gi det øket motstandskraft mot sprogpolitikkens reformraseri.» Dette høres jo straks temmelig illevarslende. Lista er også ganske riktig en tydelig seier for den mest ytterliggående fløyen innen Riksmålsforbundet.

La oss først notere enkelte positive poeng:

1. Tallet på særnorske ord er redusert, men en del har fått lov til å bli, f. eks. bunad, dugnad, endefram, framifrå, lagnad, lealaus, låghalt.

2. Preteritumsformene **gøyv**, **føyk** og **røyk** er tatt inn som stilvarierende sideformer.

3. Riksmålet godtar nå fullt ut verbale kortformer av typen **be**,

skulle beherske bokmålet, er utenkelig).

Enkelte motstandere av sidemålsstilen hevder at en ved å sløffe skriftlig opplæring i sidemålet ville få så mye bedre tid til å lære det muntlig. Dette holder heller ikke stikk. All røynsle viser at bare muntlig opplæring i et språk ikke fører fram.

Alt i alt: Så lenge vi har to offisielle språk i Norge, må det være skriftlig opplæring i dem begge. Det skulle være et elementært rettferdskrav. En annen ting er at vi snarest mulig bør se å komme fram til ett norsk skriftspråk, iallfall som et alternativ. Det skal bli interessant å se hva statsråd Sivertsens aksjon for å «avblåse målstriden» vil føre til.

by, dra, gli. (Bjerke hevder at bokmålet holder på langformene» av hensyn til landsmålets arkaiske langformer: beda, byda, draga, glida.) Han prøver altså å framstille seg sjøl som en slags foregangsmann på dette punktet. At påstanden er usann, kan en overbevise seg om ved å slå opp i offisielle bokmåls- og nynorskordlister.)

4. Når det gjelder ortografien, er denne lista i mange tilfelle brakt i samsvar med offisiell rettskriving. En kan nevne eksempel som flørt, sprø, tittel, trinn, haik, væpne. Utrulig radikal er formene **einstøing** og **leirgrunn**.

På den andre sida finner en dessverre mange triste ting i denne utgava:

1. Lista opererer med ei rekke tvilsomme betydningsnyanser, som det store fleirtallet av det norske folket sikkert står fremmend overfor. En kan nevne have/hage, hård/hard, kold/kald, rinne/renne, sten/stein, syd/sør, tross/trass, ø/øy, likens blåøyet (naiv)/blåøyd (bokstavelig), banet (figurlig) bante (konkret), veiet (fig./veid (konkret).

2. Det store komplekset hos riksmålsfolk har alltid vært a-endningene — i hokjønnsord, i intetkjønnsord, best. form fleirtall og i imperfektum av svake verb. Når det gjelder hokjønns-a, vedgår Bjerke «at en del av dem er trengt inn, ikke bare i visse stilarter, men også i normalsproget.» Men videre sier han likevel: «Riksmålet har nå som før to kjønn Hunkjønnsformene er grammatiske lån.» Konsekvensen av dette forelda synet er at tallet på obligatoriske hokjønnsord er blitt redusert fra 115 i 1958 til 73 nå.

Intetkjønn fleirtall på -a blir fortsatt bare godkjent for **barna** og **bena** — som i 1917. A-bøying

av svake verb blir heilt avvist.

3. Av ortografiske endringer merker vi oss at **skib** erstatter skip, som har vært offisiell form sia 1917! Andre reaksjonære trekk er former som **østenvind**, **nydelse**, **innskydelse**, **hundrededel**. Ellers nekter Bjerke & Co. framleis å godkjenne former som **farge**, **ferje**, **fjøl**, **fram**, **gras**, **kjelde**, **krage**, **reir**, **snø**, **sju**, **torg**, **tjue**. Disse ordå er nok for «folkelige» for dem.

Vi kan trygt gå ut fra at dette forsøket på å «stabilisere» riksmålet er ganske dødfødt. Utviklinga går nok sin gang i riktig retning, uansett hva Riksmålsforbundet måtte bestemme. Skulle en dømme etter den foreliggende lista, måtte en nærmest få det inntrykket at riksmålet nå utvikler seg i arkaiserende lei. (Apropos **skib** — hvorfor ikke like godt ta med **baad** for båt? Begge skulle ha omtrent like god sjanse til å slå igjennom!)

Er det dette riksmålsfolka meiner med såkalt «fri sprogudvikling»?

Magne Aksnes.

KONTINGENTEN

Siste landsmøte vedtok visse endringer når det gjelder kontingenten som vi vil be medlemmer og lokallag være merksam på.

Årskontingenten for medlemmer er satt til kr. 5.— pluss 3 kr. i bladpenger.

Denne kontingenten vil bli krevd inn sentralt slik at medlemmene får tilsendt postgiroblankett som vi ber dem betale på postkontoret.

Lokallaga vil så få refundert $\frac{2}{3}$ av medlemskontingenten beinveges fra landslaget.

Kvitteringsdelen av giroblanketten gjelder så som medlemskort.

TO FOREGANGSMENN

Mikkjel Fønshus:

Eventyreren fra Skredalselvi.

Magne Østby:

Gaupa frå Gygrejuvet.

I langt over en mannsalder har Mikkjel Fønshus gledd leserne sine med stadig nye og fengslende dyre- og naturskildringer. Denne gangen — i sitt syttiende år — er det eventyreren laksen han tar for seg. For folk som er kjent i Lærdal, er det ikke vanskelig å forstå hva for ei elv og hva for en høl han har i tankene når han forteller. De ymse episodene han fletter sammen, er livfullt og spennende fortalt.

Språket er friskt og velklingende — som alltid hos Fønshus. En legger merke til ei rekke heilnorske ord som ellers blir lite brukt av bokmålsforfattere, t.d. *boge*, *bustad*, *skapnad*, *navngjeten*, *hug*, *svolten*. Fønshus skriver *jamdøger*, men holder framleis på *jevnside*s. Ett sted bruker han den litt uheldige sammenstilling *selv i skuggen* (s. 34).

Et anna typisk trekk ved språkb Bruken hos Fønshus er diftongeringa, både i adjektiv (*laus* (men skjegglos), *spreidd*) og i substantiv og verb (*straum/strøyme*, *flaum/fløyme*, *mein*, *haust*, *aust*, *ause*). I sterke verb av 1. klasse bruker han jamt difting (*beit*, *dreiv*, *reiv*, *sleit*, *glei*, *steig*, *seig*, *kneip*, *skreiv*), men i verb av 2. klasse holder han fast på monoftongen (skjöt, flöt, klöv, kröp, rök, frös, bröt, men *bydde* for bød). Et par steder finner en den sjeldne imperfektumforma *lidde* (lei).

Fønshus foretrekker oftest de norske vokalerne og konsonantene. Eks.: *trotte* ut, *helse*, *eld*, *vatn*, *botn*, *brann*, *rann* (men *stidrant*), *small*, *sokk* (ved sida av *sank*).

På enkelte punkt er forfatterens

språkdrakt merkelig moderat. En ting er at han ikke har vågd å gå over til a-bøying av svake verb. Fønshus har sine gode grunner for dette. Men av og til overdriver han bruken av et-endinga. Det er et tap fra norsk synsstad å skrive *lønnet* istedenfor *lønte*, *rykket* for *rykte*, *lekket* for *lekte*, *lakk*, *sveivet* for *sveivde*, *suget* for *sugde/saug*. Svært gammalmodig virker uttrykksmåten «*Sjur undredes på*» (s. 37).

Kor synd at forfatteren ikke får seg til å skrive t.d. *bivra*, *fata* istedenfor *bivret*, *fatet*! Det ville jo ha løftet stilen merkbart. Det byr sikkert en dikter med Fønshus' språksans imot å snakke om *de oppvarmete fjellveggene*, *det grusetet tunet*, *uhøvlete bord*.

Korfor er Fønshus så redd for hokjønnsartikkelen? Her snakkes det om *en line*, *en li*, *en elv*, *en bygd* osv. Til og med et uttrykk som *en vekes tid seinere* støter en på. (På den andre sida noterer vi et sted *ei eineste ku*).

Et enkelt sted fins nentrum bestemt form fleirtall på *-a* (husa), ellers blir *-ene* brukt, også på enstavingsord (fjelldragene, stryke-
ne).

Hokjønnsendinga er temmelig konsekvent gjennomført. En stusser bare ved *nesen* og særlig *nisen*.

* * *

Magne Østby går atskillig meir radikalt til verks, både når det gjelder ordtilfang, lydverk og endinger. Han setter et norskere preg på stilen sin ved å nytte ord som *fåfengst*, *likesæl*, *rømd*, *sløg*, *røynsle*, *framleis*, *vedkjømmelig* osv.

Diftongeringa er meir gjennomført enn hos Fønshus. Dette gjelder t.d. imperfekt av sterke verb av 2. klasse (*strauk*, *braut*, *saug*) og ymse adjektiv, som t.d. *dau(d)* *rau(d)*, *heil*.

Verb av kaste-klassen får overalt *a* (*patta*, *sovna*, *skaffa*, *åpna*, *gifta* seg osv.). Tilsvarende får adjektiviske partisipp *-a* (*uventa*, *løfta* hoder). (Unntak er t.d. *fordervet*, *ubesværet*). Trekke bøyes svakt (*trekte*). Finne får imp. *fans*.

Vokalene er heilnorske. Eks.: *frå*, *gammal*, *bu*, *tru*, *glømme*, *gjømme*, *trø*.

Hokjønnsartikkelen er gjennomført, til og med i tilfelle som *ei stund*, *ei kalling*, *ei trygghet*.

I fleirtall bruker Østby former som *jegerer*.

I bestemt form nøytrum ser han ut til å gjennomføre a-endinga, både i einstavingsord (*fara*, *trea*, *øra*, *lysa*, *spora*, *døgn*, *tegna*, *kasta* (men *arrene*)) og i fleirstavingord som *menneska*.

Det er et sterkt og malmfullt språk Østby skriver. Han fører Fønshus' tradisjoner videre med heder, og går samstundes et steg lenger, i samsvar med utviklinga de siste åra. La oss håpe at det samnorske riksmålet vi strever mot, må få riktig mye til felles med det forbildet disse to foregangsmennene, Mikkjel Fønshus og Magne Østby, har synt oss. Da ville vi en gang kunne si med rette at både nynorskfolket og bokmålsfolket har vunne språkstriden.

M. A.

Landsmøtevedtak om Språknemndas føremål

De store kulturspråka har i det tjuende hundreåret hatt ei rivende utvikling, og er i dag i ferd med å bli moderne folkespråk. Gjennom massemedia som film, kringkasting, fjernsyn og presse, lærer i dag heile folket dem å kjenne. . . I alle kulturland har utviklinga gått mot større frihet i språket, og alle er i dag klar over at landets skriftspråk ikke må være et privilegium for ei lita gruppe. Over alt

mangfeldet og rikdommen i det vi har.»

Den største faren for språklig einsetting ligger ikkje i dei statsautoriserte rettskrivingane med sin store fridom, men i det forsøket på å låse fast et avstengt bokmål som riksmålsfolk gjør gjennom storaviser og forlag:

«Det har frå bokmålssida vore mykje tale om språkleg fridom i seinare tid. Skal striden koma over på ny grunn, må dette kravet først og fremst rettast til storblad og forlag på bokmålssida. Rettskriving og ordval må i framtida bli overlate til dei skrivande sjølve alt etter emne og stil, slik den reviderte rettskrivinga frå 1938 i stor monn gjør det ved sine klausular. Men endå viktigare er det at sjølve retninga blir lagd om, at det **blir oppmuntra til eksperimentering i norsk lei** i staden for det motsette.» (Utheva av oss.)

Sigmund Skard konkluderer med å sette fram det ønskemålet at dei mange bokmålsfolka som virkelig trur på språklig samarbeid, og den tilsvarande flokken på nynorsksida, nå organiserer seg i større monn enn hittil, slik at dei kan gjøre seg sterkare gjeldande i målstriden. Med andre ord: Skard oppmoder folk til å **slutte opp om Landslaget for Språklig Samling**. Om laget vårt skriver han ellers følgjande:

«Laget har ei viktig oppgave, og somme av argumenta imot det har lita berekraft. Det er t.d. ingen grunn til å tru at medlemskap i Språklig Samling skulle hindra nokon i å bruka sitt eige mål, bokmål eller nynorsk, og arbeida og strida for det med heil hug som før.»

Magne Aksnes.

BLI

MEDLEM!



STØTT

SPRÅKLIG SAMLING



Skriv til adresse
postboks 636, Oslo
og be om nærmere
opplysninger.

TIL ELEVENE!

De har eit sunt syn på språket og det er gledelig å sjå at ungdommen greier å ta eit så saklig standpunkt nå i denne reaksjonstida i språkspørsmålet.

Når de forlater realskolen, vil de først merke vanskanene. Eg har sjølv opplevd dei, og eg vil få peike på noe som eg trur vil hjelpe dere.

Hold fast på bygdedialekten i det muntlige. De vil kanskje møte folk, t.d. i Oslo som vil ha vanskar med å «skjone» det. Noen, ja de fleste vil ikkje, men da skal de bare ta det langsamt oppatt og eventuelt si: Ja, det er det samme som — og så kan de nemne det vanlige ordet i hans dialekt om de

Språknemndas føremål.....

er det derfor organer av ulike slag som skal overvåke utviklinga og normere språket.

Mens de store kulturspråka bygde på folkemåla heilt fra de blei skapt, er dette ikke tilfelle i Norge. Våre to offisielle skriftspråk har alltid bare vært representative for en del av folket, og de har derfor gitt de færreste frihet til å uttrykke seg slik det er naturlig for dem.

Rettskrivingsreformen av 1938 var et steg i rett lei, men utviklinga etter krigen har vist at den på langt nær var tilstrekkelig. I dag må vi kreve enda større språklig frihet.

Språklig Samling mener at en slik frihet bare kan oppnås ved at alle støtter opp om det som er, og må være, Norsk Språknemnds hovedformål: å fremme tilnærming mellom våre to mål på norsk folkemåls grunn.

«veit» det. Etterat eg tok til å nytte denne metoden har eg ingen vanskar hatt. Eg har tvertimot merka at folk set pris på dialekten min, og det er ordrikdommen i dialektane som skal gjøre samnorsken «rik». Kvifor likar folk å høre Prøysen? Jo, fordi han nyttar «himemålet» sitt.

Kjem de til Oslo vil de få høre folk som knotar. De fører eit upersonlig og stivt språk og dei greier ikkje å skjule at det ikkje er ekte.

Skriftlig må de og søke å holde på det målet de har nytta til nå. Eg veit det kan vere vanskelig, men eg har røynsler for at det blir best om ein holder ei klar line. Kven er det som skriv mest konservativt bokmål i dag?

Jo, først dei som nektar å legge talemålet til grunn og setter 1907 opp som mønster, og så er det dei som har lært nynorsk til realskolen, men så skifter skriftmål. Dei siste er levande redde for å nytte eit naturlig ord og kjem dei på eit kontor, tviheld dei på dei gamle, faste formulara. Vi kunne ha hatt eit samnorsk mål alt om desse «målskiftarane» hadde forsøkt å ta med seg ord og former fra sitt naturlige heimemål.

Hadde dei nytta eit radikalt nynorsk, ville det ha gått enda hurtigare.

Til slutt vil eg seie: Svikt ikkje heimemålet, men ver vaken for ord og former fra andre dialektar og. **Viktigast er det at ein freistar å skape seg ein personlig stil, og det skjer ved at ein arbeider med språket.**

Så får dere ha lykke til — men samnorsk blir det ikkje på lenge — i mellomtida må vi gi det ein god grunnmur.

Helsing frå ein

Samnorskmann.

Språklig Samling med i komiteen for språkfred?

Farten i tilnærmingsprosessen opp!

Landslaget Språklig Samling har sendt et brev til Kirke- og Undervisningsdepartementet med anmodning om å bli representert i den komiteen statsråd Helge Sivertsen vil oppnevne for å prøve å skape språkfred i landet.

I brevet heter det bl. a. at utviklingen i retning av en felles skriftnormal for de to målformene våre må fortsette som hittil. Vi ønsker ingen ny kurs, men derimot ser vi gjerne at farten i tilnærmingsprosessen settes opp. Målet må være å komme fram til en samnorsk skriftnormal så snart råd er. Så nær som de to målene nå ligger hverandre, er det en meningsløshet å holde ved lag ortografiske nyanser som synes kunstige for de fleste. Vi vil særlig peke på hensynet til skoleungdommen, som nå etter hvert blir en større og større gruppe av folket. Språksituasjonen i dag byr på åpenbare vansker for mange av dem som må bytte oppholdssted, skoler og arbeid. Men samtidig byr livlig samkvem mellom bygd og by på større muligheter enn noen gang før for å smelte sammen de to målformene våre, skriver Landslaget Språklig Samling til Kirke- og Undervisningsdepartementet.

Ei skriftlig norskoppgave

Ingen vil nekte for at det blir lagt en ekstra byrde på elevene i gymnaset med kravet til eksamen artium om skriftlig prøve i begge målføre. Det irriterer særlig sterkt fordi elevene har vanskelig for å forstå at sidemålsstilen er nødvendig. Og med den arbeidsbyrde de har, vil de, som rimelig er, gjerne få kutte ut deler av pensa.

De 4 Oslo-lektorene, Johannes Elgvin, Ivar Tryti, Helene Cecilie Vogt og Jens Johannsen har sikkert merket denne irritasjonen. Og den var kanskje opphav til framlegget deres om å styrke den muntlige opplæringa i sidemålet, for med det å sløyfe kravet om en stil på hvert målføre.

Men dessverre er verken den språklige eller kulturelle stode i landet slik at vi kan sleppe så lett unna.

Det dreier seg jo ikke bare om de krav til målføring som «Lov om målbruk i statstenesta» setter. Dette vedkommer heile det norske kulturgrunnlaget. Og det har dessverre to språk.

I artikkelen sin i dag om sidemålsstilen til artium, gir rektor **Dalene** et lite hint om utveg: Vi bør snarest mulig se å komme fram til **ett** skriftspråk, iallefall som et alternativ, sier han.

Enn om en fører denne tanken videre?

Rettskrivinga av 1938 er svært romslig i begge målføre. Det må være rett å si om reformen av den var et steg i tilnærmings-retning.

Det vil da være i pakt med grunnsynet for rettskrivingsreformen om de elevene, som ønskte å nytte ut det rettskrivinga for det ene målet gav høve til av tilnærming til det andre, fikk sleppe med **ei** skriftlig norskoppgave til artium.

Situasjonen er temmelig utålelig for artianerne. Men utsikten til å lette dem for byrdene er ikke lyse om språkkampen skal fortsette på den måten den har gjort hittil.

HONNØR

til norsk landbrukspresse

«Vi har nok sett en god del eksempel på vellykka eksperiment i samnorsk lei innen skjønnlitteraturen. Innen faglitteraturen har det vært betydelig mindre av den slags», skriv Magne Aksnes i *Språklig Samling* nr. 3.

Dette får meg til å minne om at vi har ei stor gruppe fagblad som gjennom ei årrekke har nytta ei radikal språkform både når det gjeld redaksjonelt og innsendt stoff, noko som synest vere lite påakta og truleg ukjent for mange samnorsk-folk.

Eg tenker på landbruksfagpressa vår, som fortener honnør for sin innsats også på det språklige området. Det gjeld landbruksblad frå nord til sør i landet nest utan unntak.

No er ikkje dette berre redaksjonen å takke, men like mykje forfattarane av fagartiklar og andre innlegg. Men den ros skal redaktørane ha, at dei lar innsendarane få stor språklig fridom. Sammenliknar vi landbruksfagblada på den eine sida med dei dagsavisene som seier seg å gå inn for «fri sprogutvikling» på den andre sida, er det som dag og natt. I den siste gruppa er det ikkje stor fridomen når det gjeld språkføring.

Gjennom dei 10 åra eg har skrive innlegg i landbrukspressa, dels på bokmål og dels på nynorsk, har eg aldri vore kritisert for mine radikale former, anten redaktøren var austlending, vestlending, trønder, sørlending eller nordlending. Same inntrykket får eg kva for landbruksfag eg les. Heile landbruksfagpressa følgjer ei språkleg line som det er grunn til å gleder seg over for alle som ser fram til ei språklig samling. Sjøl dei mest radikale av dags-avisene våre synest å ligge langt etter landbruksfagpressa både når det gjeld språklig samling, språklig fridom og bruk av samnorske former.

Per E. Vale
fylkesagronom.

Heglands Boktrykkeri — Flekkefjord